

ETNE KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Forvaltning	07.02.2013	025/13	AIJ

Sakshandsamar: Aud Irene Johansen	Arkiv: gbn-032/001 002 008, N-633.1	Arkivsaknr: 2013000257
---	---	----------------------------------

GBN 032/001,002,008 ETNE ELVEEIGARLAG. MELLOMBELS UTLEGGING AV FISKEFELLE MED TILHØYRANDE ANLEGG PÅ LAND - DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE TIL VEG OG RAMMELØYVE

Vedlegg i saka:

Dispensasjonsøknad dagsett 25.01.2012
Situasjonsplan i målestokk 1:500 dagsett 07.02.2012
Kartlegging av elv til utlegging av fangstfelle.
Bilete av kontorbrakke
Søknad om testing av fangstfelle, Havforskningsinstituttet, dagsett 12.01.2012
Vedtaket i høve til om tiltaket er konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8 dagsett 26.04.2012

Utrykte saksdokument:

Fråsegn frå NVE til søknad om testing av fangstfelle i Etneelva dagsett 23.03.2012

Saksgang:

Komite Forvaltning

Utskrift til:

Søkjar med orientering om vedtaket (NB! Melding i forvaltningssak ved vilkår eller avslag).

Utskrift vedlegg til:

Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskapsseksjonen, Postboks 7310, 5020 Bergen.
Hordaland fylkeskommune, Kommunesamarbeid, Postboks 7900, 5020 Bergen.

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Etne Elveigarlag ber med søknad dagsett 25.01.2012 om å få leggje ut fiskefelle med tilhøyrande anlegg på land. I samband med dette vert også det søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg.

2. Bakgrunn for saka:

Plassering av kontorbrakke ligg innaføre byggegrensa til fylkesveg plassering av denne som omsøkt krev derfor dispensasjon.

Etne elva vart verna i 1993. I reguleringsplanen er området avsett til naturvern. Tiltaket i seg sjølv kan seiast å vere i samsvar med planen då eit slik tiltak vil ha positiv effekt i høve til truslane frå rømt oppdrettslaks og NVE er positive til tiltaket. Rammeløyve vert handsama politisk då dette ikkje er ei vanleg sak.

I reguleringsplanen står det følgjande:

I naturvernområda skal det takast særskild omsyn til dyrelivet. Dette knyter seg særskild til hekketid for fugl, oppvekstmiljø for laksefisk og overvintring av fugl om vinteren. Det skal kunne drivast med aktivitet i landbruket, og jamleg hogst er ynskjeleg, men større samanhengande flater med hogst skal ikkje skje i området. Det vert forbod mot planting av bartreslag i området. Det er forbod mot fylling og drenering i området. Ålmenn ferdsle i området skal regulerast av friluftsløva. Naudsynte tiltak som vert gjennomført av NVE i samband med flaumførebygging/plastring skal tillatast så lenge det ikkje strir vesentleg med føremålet. Eksisterande bygg i området kan oppgraderast til dagens standard og haldast ved like. Eventuelle restriksjonar som reguleringa medfører for landbruket kan godtgjerast etter § 32.1 i Plan- og Bygningslova.

Det ligg føre avtale med aktuelle grunneigerar for disponering av areal. Avtalen gjeld i perioden 01.01.2013 – 31.12.2015 for plassering i sone 3. Dersom plasseringa av tiltaket vert endra må det sendast inn endringssøknad og det må liggje føre naudsynte rettar.

Naboar som skal ha varsel er varsla. Det ligg ikkje føre innvendingar til omsøkt tiltaket.

2.1 **Bakgrunnen for prosjektet:**

Bakgrunnen for prosjektet er at nasjonale registreringar av rømt oppdrettslaks gjennomført av fiskeristyresmaktene har vist at i mange vassdrag er mengda av rømt laks så høg at det er i konflikt med framtida til villaksbestandane og i konflikt med måla i Fiskeri- og kystdepartementet sin *Strategi for en miljømessig berekraftig havbruksnæring*. Med dette som bakgrunn tok ei samla forvaltning (Fiskeridirektoratet, Direktoratet for naturforvaltning, Mattilsynet, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune) vinteren 2011 initiativ til eit nasjonalt pilotprosjekt *Prioriterte straktiltak for sikring av ville bestander av laksefisk i hardangerfjordbassenget*. Seinare har 7 kommunar langs Hardangerfjorden, ma Etne Kommune, slutta seg til prosjektet.

Gjennom det innleiande arbeidet har ein sett på kva som fins av relevant teknologi for innfangning av rømt oppdrettslaks i vassdrag. I Nord-Amerika var det fleire interessante prosjekter med relevant teknologi. Det som særleg peika seg ut som relevant for norske føremål var Resistance Board Weir, utvikla for 20 år sidan, og som blant anna er i bruk hos Cramer Fish Science California og i Alaska. Cramer Fish Science er eit privat firma som samarbeider med forvaltningsstyresmaktene i fleire delstatar. Biologane er også tilknytta University of California og har spesialisert seg på tiltak innan restaurering av vassdrag som er påverka av menneskelege inngrep.

Etter synfaringar sommar 2011 viste det seg at Etneelva passa godt for ei uttesting av Resistance board weir systemet.

Utlegging av fiskefelle i Etneelva vil vere ein del av pilotprosjektet *Prioriterte strakstiltak for sikring av ville bestander av laksefisk i hardangerfjordbassenget*. Prosjektet vert leia av forskar Øystein Skaala ved Havforskningsinstituttet. Andre prosjektdeltakerar utanom Etne elveigarlag, vil vera Cramer Fish Science i California og Universitetet i Bergen. Etne elveigarlag v/Vidar Børretzen står som tiltakshavar for bygging av fiskefella. Omega Areal er AS er ansvarleg søkjar for tiltaket.

2.2 Fiskefella

Resistance Board Wire er eit lett, portabelt system som baserer seg på 6 m lange flyterister som oppstraums er forankra i elvebotn medan nedre del er flytande og hever og senker seg med vassføringa i elva. Dette inneber også at ein del rusk og rask som kjem flytande nedover vil passere ristene. All oppvandrande fisk vil blir slusa inn i eit kammer der dei kan løftast ut for registrering og sortering.

Fangstsystemet er basert på flyterister bygd i PVC røyr og aluminium som justerer seg opp og ned i takt med vassføringa. Det kan også leggjast flatt i elva på kort varsel dersom ekstreme tilhøve skulle tilsei dette. Fangstkammeret som samlar opp fisken står på botn inne ved land på sørsida av elva. Gjennom luker på toppen skal fisken takast ut og plasserast i kar på land.

Det har tidligare vore reist spørsmål om i kva grad fella vil bremse opp vassføringa i elva og eventuelt om vassnivået vil byggje seg opp ovanfor fella. Cramer Fish Science har i den forbindelse svara at med standard ljosspalter på ca. 3,3 cm vil vatnet strøyma fritt gjennom felle.

Ved normalt vedlikehald vil det berre vera små endringar i farten på vatnet og oppstuving av vatnet oppstraums vil vera ubetydeleg. Dersom ikkje installasjonen vert drifta i samsvar med driftsplanen, vil det etter kvart samla seg organisk materiale på flyteristene, vassgjennomstrøyminga vert redusert og det vil skje oppstuving av vatn oppstraums fella. Etter kvart vil vatnet gå over flyteristene og deretter vil det organiske materialet anten bli spylt av eller ristene vil synka. Under større flaumar vil ristene leggja seg under vassyta og rusk og rask vil passere over.

I følgje søknad skal det lagast instruks og reglement for drifting av fella, som også omfattar beredskapsplan og tiltak ved flom osv.

I følgje brev frå NVE dagsett 26.04.2012 kjem det fram at beslaga som modulane er festa til nede, er festa til elvebotnen med lange boltar med mothaker som er pela ned i elvebotnen. Gjennom auger i beslaget og auger i modulane er det strekt opp ein wire som er forankra i

elvbredda. Kvar modul er 0,9 m brei og 6 m lang og festa saman nede gjennom wiren som er tredd gjennom auga.

Systemet vil gje høve til å registrera og sortera ut rømt oppdrettslaks på ein forsvarleg og kvalitetssikra måte, og like viktig er det at ein vil kunne få svært gode data på mengde villaks og sjøaure.

Fiskefella er planlagt å vere i bruk sommar halvåret slik at den mest sannsynleg kan tas på land i perioden November-April.

3. Problemstilling:

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen for bygging av kontorbrakke innaføre byggegrensa til fylkesveg.

Kommunen kan ikkje gi dispensasjon dersom omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet til føremålsbestemminga i lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det kan ikkje dispenseras frå sakshandsamingsreglar.

I den einskilde dispensasjonssak må det føretakast ei konkret og reell vurdering av dei faktiske tilhøva i saka.

Dei ulike føresegner og planar har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal derfor ikkje vera kurant å vike frå desse.

Etter føremålsparagrafen i PBL, (§ 2), går det mellom anna fram at loven skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Kommunen bør ikkje dispensere frå planar, lova si bestemming om planar og forbodet i § 1-8 når ein direkte berørt statleg eller regional myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Etne kommune ved komite Forvaltning må føretaka ei vurdering om det er rom for å gi dispensasjon, og om søkjaren sine grunnar for å få oppført bygg som omsøkt skal vega tyngre enn dei omsyn byggegrensa til fylkesveg er meint å ta vare på.

Komité Forvaltning må føretaka ei vurdering på om det kan gjevast rammeløyve for utlegging av fiskefelle.

I søknad dagsett 25.01.2012 er det understreke at tiltaket skal plasserast i posisjon 3. I etterkant har det kome inn informasjon om at tiltaket er vurdert i sone 4 (sjå kartlegging av elv for plassering av fangstfelle for nærare forklaring om plassering). Komité Forvaltning må derfor også føretaka ei vurdering på om endra plassering kan handsamast på delegert fullmakt.

4. Vurdering:

I forbindelse med vurdering av om tiltaket var konsesjonspliktig i høve til vassressurslova § 8 vert det sendt ut melding til Fylkesmannen i Hordaland.

Saka er ikkje sendt til Hordaland fylkeskommune til uttale, med dei vil få saka til klagevurdering.

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 23.03.2012 til NVE uttalt følgjande:

«Fylkesmannen meiner etablering av fangstfelle i Etneelva er eit viktig tiltak i arbeidet med å få fjerne rømt oppdrettsfisk i vassdraget, og for å bevare Etnelaks. Ei eventuell fangstfelle vil og bidra med data på bestandane av laks og sjøaure med tanke på utvandring, antall opp- og nedvandrande fisk og liknande.

Vi er positive til eit prosjekt med etablering av ei fangstfelle i Etneelva. Erfaringane frå dette prosjektet kan og få stor overføringsverdi for andre vassdrag i Noreg.»

NVE har i brev dagsett 26.04.2012 vedtatt at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig i høve til vassressurslova § 8. NVE skriv følgjande i si vurdering: *« NVE kan ikkje sjå at etablering av fiskefelle som omsøkt, vil påverke allmenne interesser i større grad, og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med verneverdiane som ligg til grunn for vern av vassdrag. NVE synat at etablering av fiskefelle for utsortering av oppdrettsfisk frå Etneelva er interessant, og ser at erfaring frå dette prosjektet kan få overføringsverdi til andre vassdrag i Noreg.»*

Sjå elles NVEs vurdering av flaum i brev dagsett 26.04.2012.

NVE har kome med følgjande vilkår:

- Dersom det vert grave ned til lag med fint sediment ved etablering av beslaga på elvebotn er det viktig at det vert lagt stein for å stabilisere elvebotnen.
- Kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.

Statens vegvesen har i e-post dagsett 04.02.2013 bekrefta at dei ikkje har innvendingar til tiltaket, men med følgjande vilkår.

1. Bygningen må ikke brukes til andre formål enn det som framgår av søknaden
2. Det er ikke grunnlag for krav mot Statens vegvesen som følge av at brakken står innenfor byggegrensa.

Bruken av vegen vil ikkje endrast vesentleg. Traktor med tilhengar skal nyttast for å transportere fiskefelle som er oppdelt i seksjonar. Fisk som skal destruerast vert løpande levert inn til godkjent mottak, transport med vanleg lett bilhengar. Bruk av eksisterande veg vert begrensa til privatbilar og i mindre omfang. I følgje søknad vil det i perioden fella er i drift nyttast to til tre bilar på tilsynsrunden to gonger dagleg. I fisketida vil fiskerane i sone 3 kunne nytta ein til to bilar.

Dispensasjonssøknaden er grunngjeven med at ettersom brakka ligg på eit lågare nivå enn vegen og den vert plassert lengst vekk frå avkjørsla, vil den ikkje kome i konflikt med trafikkikkerheitsomsyn.

Dersom brakka vert plassert ein annan stad må det sendast inn endringssøknad.

Ettersom dette er eit mellombels tiltak som skal nyttast frå mai til oktober i 3 år bør dispensasjon kunne gjevast. Plasseringa av kontorbrakke vil ikkje vere i konflikt med trafikkikkerheita. Utlegging av fiskefella er eit viktig tiltak i kampen mot rømt oppdrettslaks.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

1. I medhald av § 19-2, jf. § 19-4 i PBL, dispenserer Komité Forvaltning frå reguleringsplanen og gir midlertidig dispensasjon til bygging av kontorbrakke slik som omsøkt.
Dispensasjonen er frå i dag gyldig i 3 år. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan klagefristen, kan vidare vedtak gjerast administrativt, på delegert fullmakt
2. Søknad om rammeløyve for utlegging av fiskefelle med tilhøyrande anlegg på land vert godkjent med heimel i § 20-1 i PBL i samsvar med søknad. Det må takast atterhald på om det kjem i klage på dispensasjonsvedtaket i høve til kontorbrakka.
3. Dersom fiskefella skulle få ei anna plassering enn omsøkt må det sendast inn endringssøknad og dette kan handsamast på delegert fullmakt. Naudsynte rettar må vere avklart og ny situasjonsplan må sendast inn.
4. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 2.
5. Det må utarbeidast instruks og reglement for drifting av fella.
6. Fiskefella med tilhøyrande anlegg på land må fjernast innan 31.12.15 og området må setjast tilbake til opprinneleg stand.
7. Vilkår frå NVE gitt i brev dagsett 02.05.12 må følgjast.
8. Vilkår frå Statens Vegvesen i e-post dagsett 04.02.2013 må følgjast.
9. Før arbeidet kan setjast i gong må følgjande liggje føre:
 - Godkjenning frå arbeidstilsynet.
 - Ansvarsrettar for prosjektering og utførsle av fiskefella.
 - Profildeikningar som syner forankring i elvebotn og på land.
10. Det skal i medhald av Teknisk forskrift § 11-6, monterast brannsløkkereiskap i det planlagde bygget før det vert teke i bruk.

07.02.2013 KOMITE FORVALTNING

FV-025/13 VEDTAK: samrøystes

1. I medhald av § 19-2, jf. § 19-4 i PBL, dispenserer Komité Forvaltning frå reguleringsplanen og gir midlertidig dispensasjon til bygging av kontorbrakke slik som omsøkt. Dispensasjonen er frå i dag gyldig i 3 år. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan

klagefristen, kan vidare vedtak gjerast administrativt, på delegert fullmakt

2. Søknad om rammeløyve for utlegging av fiskefelle med tilhøyrande anlegg på land vert godkjent med heimel i § 20-1 i PBL i samsvar med søknad. Det må takast atterhald på om det kjem i klage på dispensasjonsvedtaket i høve til kontorbrakka.
3. Dersom fiskefella skulle få ei anna plassering enn omsøkt må det sendast inn endringssøknad og dette kan handsamast på delegert fullmakt. Naudsynte rettar må vere avklart og ny situasjonsplan må sendast inn.
4. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 2.
5. Det må utarbeidast instruks og reglement for drifting av fella.
6. Fiskefella med tilhøyrande anlegg på land må fjernast innan 31.12.15 og området må setjast tilbake til opprinneleg stand.
7. Vilkår frå NVE gitt i brev dagsett 02.05.12 må følgjast.
8. Vilkår frå Statens Vegvesen i e-post dagsett 04.02.2013 må følgjast.
9. Før arbeidet kan setjast i gong må følgjande liggje føre:
 - Godkjenning frå arbeidstilsynet.
 - Ansvarsrettar for prosjektering og utførsle av fiskefella.
 - Profildeikningar som syner forankring i elvebotn og på land.
10. Det skal i medhald av Teknisk forskrift § 11-6, monterast brannsløkkereiskap i det planlagde bygget før det vert teke i bruk.